

Styremøte i SFSG på Skei

15.08.2013

Til stades:

Ragnhild Sæle

Lars Nesse

Eva Høydal

Lene Engvik Rasch

Kjell Olav Kusslid (1. vara)

Tom Idar Kvam (til stades under sak 25 og 26/13)

22/13: Kva har styremedlemmane delteke på sidan sist:

Ragnhild Sæle: 28. og 29. mai: styremøte i NSG, 30. mai: møte i Geit i Vekst, og 01.08: representantskapsmøte i NSG.

Eva Høydal: 12.08: Informasjonsmøte i Nortura i Førde.

Lars Nesse: Møte i avlsutvalet og representantskapsmøte 01.08.

23/13: Resultat/ balanse pr 31.07.13

Styret tek rekneskapet til vitande.

24/13: Informasjon frå gjetarhundnemda v/ Kurt Magne Fardal. Skipping av gjetarhundlag.

Han hadde diverre ikkje moglegheit til å kome, så dette blir teke opp att seinare. Me drøfta likevel skipping av regionvise gjetarhundlag, og kjem til å jobbe vidare med denne saka.

25/13: informasjon frå avlsutvalet v/ Tom Idar Kvam

- Det vert dommarsamling 28 august i Førde.
- Me diskuterte om det burde vere lik kåringsavgift på pelssau og andre rasar, då det tek lenger tid å dømme pelssau. Styret vedtok av kåringsavgifta skal vere den same.
- Vekt burde ha vore inne i biletet ved dømning. Sak for avlsutvalet å ta opp med NSG sentralt.
- Ei ny forskrift til smittebekjemping ligg ute til høyring. Dette inneber mellom anna at det blir sett høgare krav til dokumentasjon. Alle i verringen må ha dette i orden for at ringen skal vere godkjent. Fristen er sett til 01.01.2015. Avlsutvalet vil prøve å få NSG sentralt til å «gripe inn» når nokon i ein ring ikkje følg reglane, då det ofte er tette band i avlsmiljøet.

- Ynskje om vedtektsendring: Sånn som det er no er det det gamle avlsutvalet som legg føringane for det kva det nye avlsutvalet skal gjere. Ragnhild skal jobbe vidare med saka.
- Det er allereie bestemt av avlsutvalet skal få utvida mandat. Dette inneber mellom anna at avlsutvalet skal kome med forslag til jordbruksforhandlingar, på linje med geitegruppa.
- Avlsutvalet fordeler sjølv fordeling av godtgjersle mellom kåringsansvarleg og leiar, innanfor budsjett.
- Forslag om å føre overskottet inn på ein balansekonto.

26/13: Leiarsamling 25- 27 oktober i Sæbø

Odd Bjarne Bjørdal frå Møre og Romsdal Sau og geit har utarbeidd forslag til program til leiarsamlinga. Det vert fokus på forsikring, og Tom Idar Kvam vil fortelje om sine erfaringar knytt til naturskade. Jordbruksforhandlingane vil og bli eit viktig tema her. Det blir og sekvensar med til dømes Nortura og Nordfjord kjøtt, i tillegg til rundtur på Hjørundfjorden.

27/13: Fagtur

Det var få som hadde anledning til å møte opp på fagturen i juni i år, difor legg me neste fagtur til månadsskiftet juli/ august, sannsynlegvis helga 1-3 august. Me tek sikte på Askrova, til tross for at overnatting kan bli ei utfordring. Det blir då fagtur og fjelldag i eitt, øyhopping inkludert.

28/13: Status årsrapport lokallaga

Me har berre fått inn ei ny årsrapport sidan sist, og manglar ein god del. Lene skal sende eit komplett oversyn til Ragnhild. Frå og med årsmøte 2013 skal vedtektene til NSG følgjast. Dei som ikkje har hatt årsmøte før fylkesårsmøte og levert årsrapport m.m. har ikkje stemmerett. Dette skal det informerast om i nytt infoskriv.

29/13 Førespurnad om linkar til medlemmene sine heimesider, på heimesida til SFSG

Det har kome førespurnad frå medlemmer om å kunne ha linkar til eigen heimeside på heimesida til SFSG. Styret går inn for dette. Kriteriene er: medlemsskap i NSG, at sida er næringsrelatert, og knytt til småfenæringa. Dette er gratis. Ynskjer ein reklame på framsida må ein betale.

30/13 SFSG på facebook

SFSG er på facebook, og Eva er administrator. Jonny jobbar og med dette. Sida skal brukast meir aktivt framover.

31/13 Ymse

- Arrangere NM i saueklipping: Dette er i utgangspunktet ein jobb for lokallag, med støtte frå SFSG. Det skal stå meir om dette i det nye infoskrivet, som Ragnhild skal i gang med.

- Unge bønder: Me satsar på å lage eit opplegg for unge bønder på småfesamlinga 2014.
- Geit i vekst: Det blir ei formell avslutning av geit i vekst på geitedagane i Jølster.
- Sau i pluss: Me vil be fylkesmannen om ei ny oppdatering på kva som skjer i Sau i pluss. Lene sender brev.
- Høyringsuttale om ynglesona for ulv: Lars har skrive eit notat som går ut på at me ynskjer å bevare ynglesona for ulv som den er i dag. Ragnhild sender inn.

Ref. Lene Engvik Rasch